

Nr 3 - 2024

Møta nye venner - Søkja Gud - Få del i oppdraget

møte:plassen

O, du som metter liten fugl
velsign vår mat, O Gud.
Amen!

For helse, glede, daglig brød
vi takker deg, O Gud.
Amen!



Ny prest
Nadine
Vaagen
side 4 - 5

Nye
på
Undheim
side 8 - 9

Nytt frå
sokneråd og
kyrkjestyre
side 9 - 10

Minneord
Torleiv
Undheim
side 14 - 15

UTGJEVAR:

Undheim sokneråd

REDAKSJONEN:

Steinar Sandvik - redaktør
Laila Undheim
Siv H. Undheim
Hanne Brit Sandmark

ADRESSE:

Møteplassen
Time kyrkjekontor
Pb 373, 4349 Bryne

E-POST:

nyheitsblad@gmail.com

INTERNETT:

www.timekyrkja.no
www.undheimkyrkja.no

TRYKK:

Jærprint, Bryne

OPPLAG: 600 EKS.

UNDHEIM SOKNERÅD

KONTONR. 3290.57.20723

GIVARKONTO: 3325.21.55657

Framsidefoto: Hanne Brit Sandmark

Frå hausttakkegudstenesta kor

Bygdekvinnelaget hadde pynta med
"Markens grøde".

Illustrasjonsfoto: Pixabay.com

Min sang

ALLTING HAR SIN TID

Allting har sin tid
Livet har sin gång
Allting er skapat sjönt för sin tid
Om det får ha sin tid

Att va liten så liten, att skriket är tal
Att staplande ta några steg
Spela boll, göra ord, leka hus i en ek
Sväla tuggummit, bara på trots
Gå i skolan, fröken vet allt
Det har sin tid
Att va vuxen och barn på en enda gång
Jaga finnar och börja förstå
Vara förälskad och tröttna
Bli vänner ändå
Tänka ut vad man en gång skall bli
Veta allt, inte kunna nånting
Det har sin tid

Allting har sin tid
Livet har sin gång
Allting er skapat sjönt för sin tid
Om det får ha sin tid





Att förändras och vilja förändra allting
Flytta in i en lya på stan
Det är dags att vi gifter oss snart tycker jag
Men inga barn ska vi ha på ett tag
Bli mogen förtrogen med sitt eget liv
Det har sin tid
Att vemodigt tänka va fort liver går, tappa
håret och uppfostra barn
Att ha rätt, veta mer och bestämma seg för
Skall jag våga mitt liv en gång till?
Var skapande mänskliga idealist
Det har sin tid

Allting har sin tid
Livet har sin gång
Allting er skapat sjønt for sin tid
Om det får ha sin tid

Denne sangen er skrevet av Børge Ring, og kan søkes opp på nettet. Der finnes bl.a. en versjon med Carola. Sangen som handler om livets forskjellige faser fra fødsel til død er vel verdt å lytte til.
Her er et lite utdrag fra Forkynneren 3 som også har overskriften:



Att bli äldre och tänka i tiotal år
Inte orka så mycket som förr
Vara chef och sen plötsligt bli gammal en dag
Vakta barnbarn och längta till jul
Då alla kan samlas kring ett enda bord
Det har sin tid
Att en gång få dö och begråtas en stund
Möta gud ställa frågor som gror
Att få vila sin skäl där förlåtelsen finns, bära
vita band om sitt hår
Där tiden äntligen skall ta slut
Det har sin tid

Allting har sin tid
Livet har sin gång
Allting er skapat sjønt for sin tid
Om det får ha sin tid

ALT HAR SIN TID

Alt har sin faste tid
Alt som skjer under himmelen har sin tid
En tid til å fødes, en til å dø
En tid til å plante, en til å rykke opp
En tid til å gråte, en til å le
En tid til å sørge, en tid til å danse
En tid til å ta i favn, en til å la det være
En tid til å lete, en til å miste

Alt skapte han vakkert i sin tid
Også evigheten har han lagt i menneskenes hjerter

Jeg skjønte at alt Gud gjør varer til evig tid
Ingen kan legge noe til, og ingen kan trekke noe fra

Laila Undheim



Strikke- og bokglad teolog

Tekst og foto: Siv H. Undheim

– EG OPPLEVER EI STOR TAKKNEMLEGHEIT PÅ UNDHEIM, SEIER NADINE VAAGEN.

Undheims ferske prest er født i 1975 og oppvaksen i Wermelskirchen, ein liten by i tysk målestokk med rundt 40 000 innbyggjarar, ikkje så langt frå Køln. Her budde ho med mor, far og ei tre år yngre syster. Det var ein trygg og god oppvekst i ein kristen heim.



I tillegg budde besteforeldra hennar i same hus, i etasjen over. – Eg var mykje hos dei. Dei var viktige for meg, det var så fint å vere der. Bestemor og bestefar var veldig dedikerte i trua si, dei les blant anna høgt frå andaktsbøker. Dette har prega meg, dei hadde stor betydning for trua mi, fortel Nadine. I ungdomsåra gjekk ho i ulike kyrkjelydar. – Det var mange frimeinigheter i byen, og eg treivst godt med ulike uttrykksformer for kristen tru. Det gjer eg framleis, eg kan gå både til ei høgtideleg høgmesse i kyrkja, og til møte i ein frimeinighet. Eg likar

variasjonen, og det er uansett Jesus som er den sentrale, smiler ho.

YRKESVEG

Men at ho skulle bli prest, var likevel ikkje opplagt.
– Å finne ut kva eg skulle bli, har nesten vore som ein odyssé for meg. Eg har alltid vore glad i språk, og starta derfor å studere litteraturvitenskap og kristendom. Planen var å bli lærar. Eg vurderte også journalist, og arbeidde ein periode i lokalavisa. Men eg kjente at det var ikkje heilt det rette.

Så ein dag under studia blei ho spurta om ho kunne lese tekst og dele ut nattverd på ein gudsteneste. – Då tenkte eg «Oi, dette var kjekt! Tenk å kunne seie noko om denne teksten i tillegg». Det var første gong ho tenkte at det kunne vere aktuelt å bli prest, men ho fortsette likevel på lærarstudiet.

Seinare i studentperioden var ho på utveksling i Oslo.
– Eg fekk med meg bryllaupet til kronprins Haakon og Mette Marit, eg sto der under balkongen på slottsplassen. Det var stort, smiler ho.

Nadine fekk med seg at det var prestemangel i Noreg, og etter å ha reist tilbake til Tyskland bestemte ho seg. Ho ville bli prest, og ho ville studere i Noreg.

VESTFOLD OG TELEMARK

Det gjekk likevel nokre år før ho flytta til Noreg i 2008. – Eg hadde min første praksis som prest i Re i Vestfold, og der døypte eg mitt første barn. Då visste eg at det var prest eg skulle vere. Det var ei veldig fin oppleveling, og ei god bekrefting på at det var dette eg skulle.

Ho var ferdig i 2009, blei ordinert i Skien kirke, og starta der som kapellan. Ein dag var tilsette og frivillige frå fleire kyrje- og trussamfunn samla, dei skulle delta på Kirkens Nödhjelps fasteaksjon. Ho la merke til ein mann som sat der og rota med nokre papir, gjekk bort til han og spurte «Kan eg hjelpe deg?».

Mannen var Sveinung Vaagen, pastor i ein baptistmeinighet i Skien.

Etter den dagen har det vore dei to.

Nadine arbeidde i Skien i tre år, før ho blei prest i Revetal kyrkjelyd, der ho blei verande i fem år. Ho og Sveinung fekk ei jente, Josefine, i 2015 og ein gut, Sakarias, i 2017. Dei treivst veldig godt, men kjente etter kvart på saknet av å ha meir familie rundt seg. Derfor flytta dei til Sandnes, der Sveinung kjem frå, i 2020.

Dei siste åra har Nadine jobba i Ganddal kyrkjelyd, samt i Sandnes prosti.

KVIFOR UNDHEIM?

– Eg har hørt så mykje skryt om Undheim. Folk vil noko her. Folk dreg i gang ting. Eg likar engasjementet. Så trur eg det er veldig bra med ein kyrkjelyd som er bygd opp og styrt av grasrota, og ikkje av staben. Det gjer at folk har mykje større eigarskap til kyrkjelyden, og det er veldig fint.

Ho held fram, – Så liker eg at ein kyrkjelyd ikkje er så fastlåst, men at det går an å endre på ting, og kome med nye idear. Eg er nok litt grundertype, eg liker å sette ting i gang. Så er eg kanskje ikkje like god til å vedlikehalde, seier Nadine og ler.

Ho fortel at ho ønsker å få fart i arbeid med barnefamiliar, og at fleire kjem til kyrkja. Ho ønsker at så mange som mogleg kan bruke bygget, og oppleve at det er godt å vere der. – Eg synest kyrkja på Undheim er så fin, det er eit veldig godt bygg. Det er viktig for meg at alle skal føle seg heime på gudstenestene. Eg har hørt at det er mykje tru i bygda. Nå er det tid for å gå saman, og ikkje sitte på kvar si tue, oppfordrar ho.

DELT STILLING

Ho har 50 % stilling som sokneprest på Undheim og 50 % som prostiprest i Jæren prosti. På Undheim inneber det gudstenester, vigslar, gravferder, konfirmantarbeidet og møteverksemrd, som sokneråd og stabsmøter. Som prostiprest skal ho ha andaktar på sjukeheimane, gravferder og vigslar i Gjesdal, samt nokre gudstenester i Time- og Brynekyrkja. Ho har faste tenesteveker med vaktberedskap.

AKTIV

På fritida likar ho å lese, og etter at ho blei mor har ho begynt å strikke, det synest ho er kjekt. Med barn på sju og ni år har dei ikkje fritidsproblem. Dei er ein aktiv familie som liker å finne på ting saman. Ho og dottera går for eksempel på riding. – Eg tenkte at i staden for å vente medan ho var på riding, kunne eg like godt vere med sjølv. Og sånn blei det, smiler presten.

Elles er det viktig for henne å treffe venner, og ein gong iblant reise vekk med gode venninner.

VARME OG ENGASJEMENT

– No har eg ikkje vore så lenge i stillinga på Undheim, men eg har fått eit positivt inntrykk. Eg opplever at folk er rause og engasjerte. Eg opplever også ei stor takksemrd for at det kjem ny prest. Det er fint, og gir meg ein tryggleik i arbeidet framover, seier Nadine, som gler seg til å bli ordentleg kjent med Undheimsbuarane.

Døypte i Undheimkyrkja



Alva Dagestad Tunheim
18.08.



Henrik Emil Erikstad
Johansson 01.09.



Leah Jonassen
Taksdal 01.09.



Are Berge Igelkjøn
29.09.

Milde Jesus

Milde Jesus, dine hender
la du kjærleg på dei små,
og du sa til dine venner
at til deg skal borna gå.

Sjølv du vart til Herrens tempel
eingong boren av di mor.
Lat meg minnast ditt eksempel
når eg hører dine ord.

Du til dåpen lét meg kalla
då eg var ein liten knopp.
Skal eg visna, skal eg falla?
Hjelp meg du å veksa opp!
Hjelp meg tidleg rett å læra
og å elska dine ord,
så blant dine eg kan vera
når dei samlast ved ditt bord!

Når eg så skal ut i verda,
aldri eg åleine er.
Møter freustingar på ferda,
følgjer du meg kvar eg fer
Trygt skal dine hender bera
meg og sysken, far og mor.
Lat oss evig saman vera,
vi som var det her på jord!

Norsk salmebok nr. 583

Tekst: F. M Franzén 1832

Oversett til norsk: Jacob Børretzen 1957

Melodi: JJ Rousseau



Smak og se at Herren er god!

Det går ikke an å spytte ut noe du ikke har smakt på. Eller du kan ikke kaste noe du ikke har hatt i hånden først. Mange er beklageligvis brent av kristendom. Brent av noe eller noen som har stått i veien... Til deg: Våg å gi Gud en ny sjanse.

Åpne det bitre skallet. Søk bak alt det ytre, hva eller hvem det måtte være, som står i veien og hindrer deg i å smake den gode frukten.
Smak Gud. Og se. Han er god!

Skal vi ta David på ordet i Salme 34:8, vil vi kjenne smaken av Gud hvis vi våger. Smaken av Gud er smaken av seier og kjærlighet.



Undheimskonfirmantane 2024 - 2025



Bak frå venstre: Olav Reiten Mellemstrand, Jan Risa Taksdal, SvenTjåland, Mats Wefring Undheim

Framme frå venstre: Ola Tunheim Mauland, Marie Risa, Floortje Gerritsen



Foto: Tor Leif Jonassen

Bak frå venstre: (Mats - skjult) Magnus Undheim, In-

gvald Risa, Håkon Undheim, Fredrik Schlüss

Framme frå venstre: Rebekka Bjørkmo, Tora Eikeland,

Ruth Oline Fosse



UKUF
hausten 24

14/9 19:00 - 23:00
28/9 I kjellaren på
12/10 Undheim
9/11 Kyrkje
23/11
7/12

Velkommen!

Kjære Jesus
Du sier det hele tiden, at jeg er bra.
At jeg er god nok, elsket og dyrebar.
Men det setter seg ikke i ryggmargen,
Finner ikke plass i hjertet mitt.
Kom til meg, og jag bort det
som har tatt den plassen der
dine gode ord skulle bo.
Ta plass i ryggmargen,
I sjelen,
I hjertet.
Så jeg kan bli glad i meg selv
Nesten like glad i meg selv som du er.

Her trivst vi godt

SONJA OG TORBJØRN VAR PÅ LEIT ETTER EIN NY HEIM. DÅ DUKKA DET OPP EIT LEDIG HUS I ØYGARDSHOLEN PÅ UNDHEIM.

Tekst: Steinar Sandvik og
Sonja Karin Molvik Øglend
Foto: Steinar Sandvik



– Vi var i grunnen opne for kvar vi skulle lande, fortel ekteparet Sonja Karin Molvik Øglend (55) og Torbjørn Øglend (63). – Men det enda med å sjå etter hus i regionen der Torbjørn har slekt og familie.

FRÅ GARDSBRUK

Ekteparet har begge vore gifte før, og har tre barn kvar. Torbjørn vaks opp på gard på Sviland, men han har vore lastebilsjåfør i over 40 år.

Sonja har også vaks opp på gard og har jobba i ulike yrke som landbruksavløysar, butikk, omsorgsarbeidar,



heimehjelp, barnehage, reinhaldar og litt bonde. Begge ville bu litt ute på bygda, og for Sonja var det viktig med plass til blomster og hage.

LANG REISE

13. september i fjar kom flyttelasset til Undheim. Då hadde dei hatt tre turar før og sett i stand stova. Reisa til Undheim var lang. Dei kjøpte huset i Øygardsholen alt 1. februar, men det var ein del førebuingar før dei kunne flytta inn.

Sonja er opprinnleig frå Sunnfjord, nærmare bestemt Flokenes litt vest for Førde i Askvoll kommune. På Flokenes eigde Sonja ein liten gard med odel og ei saudefrisk som skulle avsluttast.

VAR AVLØYSAR

Sonja og Torbjørn treivst godt på eit lite småbruk med stor hage.

– Men alt til si tid, fortel Sonja. – Det var på tide å rydde opp og byrje eit enklare liv.

Torbjørn var ikkje heilt framand for Undheim-bygda.

– Som 18-åring var eg avløysar på fleire gardar i Undheims-bygda, mellom anna på Garborg hos Torfinn og på garden til Torbjørn Tunheim. Torbjørn fortel at han var i militæret saman med Petter Arrestad, og det var gildt å treffen han igjen.

GILDE NABOAR

– Naboane tok vel i mot oss, seier både Sonja og Torbjørn.

– Vi sette fram bossdunkane ein gong vi hadde vore her og rydda og mala og lurte på korleis det gjekk. Men då vi kom tilbake ein månad etterpå stod bossdunkane fint oppstilt ved garasjen.

– Her var det naboar som ville oss godt, tenkte vi.

– Og så er det Inger Marie! Ho kom tidleg over veggen når vi var ute og jobba i hagen og slo av ein liten prat. Ho inviterte oss med på Kløvertur og til å vere med på tilstellingar i Sanitetten. Ho inviterer på mat og byr på plantar frå hagen sin, fortel Sonja.

– Det er ei stor omvelting i livet når ein flyttar så langt, men mange ting har lagt seg til rette.

TRIVST

– I fjor sommar blei vi inviterte av venner der vi budde før til å vere med til Hermon Høyfjellshotell. På Hermon møtte vi to smilande som budde på Undheim, det var berre eit par månadar til vi skulle flytte hit.

Torbjørn har ein kamerat her i området som kører langtrantransport, og han tok flyttelasset vårt med som returlass.

– Elles har vi blitt godt mottekne i kyrkja, både i gudstenester og andre samlingar og møte. Folk er vennlege og nysgjerrige og opne. No har vi vore her i eitt år, smiler Sonja og Torbjørn. Vi opplever at dette er ei bygd med trivelege folk som bryr seg om andre og oss som er nye, fortel Sonja og Torbjørn.



Nytt frå sokneråd og dagleg leiar

Soknerådet har hatt sitt første møte for hausten. Det var kjekt å verte litt litt kjent med dei andre medlemmane, og kome i gang med arbeidet.

Ei sak som kjem til å gå igjen utover hausten er støtta til Misjonsprosjektet Josiah Venture og Familien Terry English. Terry har meldt at han og Josiah Venture skil lag i januar -25. Det er inga dramatikk i avgjerd. Den kjem som ei naturleg utvikling i samarbeidet deira, og eit ønske frå Terry om å gå vidare til andre oppgåver.

Soknerådet vil halde kontakt med Terry utover hausten og vurdere om det er naturleg å fortsette støtta til han, til Josiah Venture, eller om me skal vurdere heilt andre misjonærar/organisasjonar å støtte. Me vil uansett fortsette å støtte Terry og Josiah Venture ut året.

Har du forslag? Send ei melding til hakon.rettedal.losvik@timekyrkja.no

Eg veit og av erfaring at mange ungdommar lengtar etter at nokon skal sjå dei og ta seg tid til å snakke med dei. Eg drøymer om at UKUF skal vere ein plass kor dette kan skje. Annakvar laurdag skal kjellaren i kyrkja vere eit trygt og gildt samlingspunkt, kor dei ikkje treng prestere for å bli sett pris på.

Dette klarer eg ikkje aleine. Jon-Kaspar Bjørge møter trufast opp så sant han ikkje har jobbhelg, og det er eg svært glad for.

ME TRENG FLEIRE VAKSNE.

Minst ein kvar gong. Ein som kan kome litt før sju og vere nesten til elleve. Ein som kan setje seg ned og spele eit spel, eller slå av ein prat med ungdommen. Det krev ikkje mykje meir enn å setje av tid. Dersom nokon har ein andakt i seg skal dei få sleppe til, men det er ikkje eit krav.

Før jul skal me samlast 9/11, 23/11 og 7/12. Du treng ikkje binde deg til meir enn ein laurdag. Dei som kan vere med då sender ei melding til meg på hakon.rettedal.losvik@timekyrkja.no eller 99418620. Bli med og gjer ein innsats for ungdommen på Undheim, det fortjener dei!

TAKK!

Till slutt vil eg takke for den varme velkomsten eg har fått. Det har vore hektiske veker sidan eg tok til i august. Mykje nytt skal lærast, og mange skal helsast på.

Huskjerka mi på Hognestad spurte korleis presentasjonsgudstenesta hadde vært, og eg måtte svare at eg sjeldan har følt meg så velkommen. Eg gler meg til å verte betre kjend med folket på Undheim!

Håkon Røttedal Losvik - dagleg leiar



UKUF ER I GANG!
UKUF hadde si første samling 14. september. Rett under 40 ungdommar var samla i

kyrkjekjellaren klokka 19:00. Me hadde ein kort andakt, serverte taco og iskaffi, og ungdommane koste seg med spel og drøs.

Så langt har eg eit godt inntrykk av ungdommen på Undheim. Eg vil og skryte av ungdommane i styret som har full kontroll på det praktiske, og av Jon-Kaspar Bjørge, som vil vere med når han ikkje har arbeidshelg.

Det er ei gave å få vere med ungdom. Spør einkvar ungdomsskulelærar eller andre som arbeider me ungdom. Dei har humor, livsglede og engasjement i mengder.

Nymalt kyrkjebygg



TORVALD TJÅLAND, LEIAR I KYRKJESTYRET, ER SVÆRT GODT FORNØGD MED ARBEIDET SOM ER UTFØRT I SOMMAR.

– Med eit budsjett på rundt kr. 240.000 har me endeleg fått malt kyrkja utvendig. Utgiftene er delt mellom kyrkjeleg fellesråd kr.140.000,(- 70.000 i år og 70.000 neste år, og kyrkjestyret fortel Torvald.

– Sparebankstiftinga Time og Hå har også støtta arbeider med kr.50.000. Kyrkjestyret har teke resten av kostnaden som er på 50.000 kroner.

– Vi er godt nøgde med resultatet trass litt «styr» med å få dei rette fargane på dei ulike dører og vindaugekarmar, seier Torvald.

– Så får me berre håpa på at dei kvitmåla veggane vil halda stand nokre år.

Me har også reparert og restaurert fossefallet med skifer som me fekk til overs frå hovudinngangen. Ei masse skiferplater rundt bassenget var knuste, og fleire var borte. Nåmangler berre vatnet i fossen!

Skiferplatene utanfor hovedinngangen måtte og skiftast ut. Fleire av dei hadde løsna frå underlaget, det kan skuldast at kvaliteten på limet smuldra opp etter snart 25 år. Det har heller ikkje vore gunstig at biler har køyrt på skiferflisene.

Det var ikkje mogeleg å få tak i same type skifer. Nå er det lagt ein type som er noko tynnare enn dei gamle. Nå framstår skiferplattingen som ny og er ein flott og tiltalande inngang til kyrkja.

BILKØYRING

- Men me har ei utfordring til alle: Biler kan kjøyra fram til, men ikkje på dei nye flisene. Dette er også anbefalt av leverandøren. Om det vert nødvendig med fysiske hinder framføre, vil det verta vurdert. Håper det er forståelse for å ta vare på dette.



Kirkens SOS

SAMTALENS KRAFT

Å være frivillig i Kirkens SOS handler ikke om å gi de rette svarene. Det handler mer om å bruke ørene for å ta imot et annet menneskes sitt liv.

VÆRENDE RELASJON

– Tenk å ha et slikt samtalerom som Kirkens SOS tilbyr, der hvem som helst kan ringe og bli møtt av et medmenneske uten at de trenger pakke det inn og pynte på historien sin. Samtalen trenger heller ikke ende opp i noe godt eller avklart. Det er superverdifullt. De som ringer oss, får ringe, og de får ringe igjen. Vi dropper dem ikke selv om samtalen blir mørk og følelsene store. Vi «slår ikke opp» med dem eller overlater dem til seg selv. Vi er en viktig relasjon for mange i sårbare tider. En relasjon som er der. Som tåler å være der, sier Lina engasjert.

– Det er enormt verdifullt å kunne bli hørt, sett og tålt på den måten for dem som kanskje ikke har noen andre som kan ta imot, og gjerne føler seg forlatt i livet.

MYE VARME

For å stå i en slik tjeneste over tid, er det derfor viktig med god oppfølging. Det får de frivillige i Kirkens SOS.

– Kirkens SOS er en organisasjon som gir tilbake til de frivillige, og den er like varm og medmenneskefokusert inni som i arbeidet ute. Der er gode rutiner for ivaretakelse av hverandre på vakt, det tilbys veiledning i grupper eller en-til-en med en ansatt om en ønsker det.

LITT SKEPSIS

Da «Lina» begynte i Kirkens SOS, gikk hun inn i tjenesten med nysgjerrighet, men også en tanke skepsis mot hva det kristne fundamentet i organisasjonen ville bety for henne som frivillig.



Treng du nokon å snakka med?

Ring eller skriv. Vi er her. Alltid.

22 40 00 40 • soschat.no

– Jeg har ikke selv noe religiøst utgangspunkt, selv om jeg etter hvert tenker at «det kan røre seg mye mellom himmel og jord likevel». Jeg skulle ønske samfunnet hadde et system for medmenneskelighet og opplever at dette er en mangelvare i et sekulært samfunn der ensomheten er stor og mange faller utenfor. Kirken, og andre religioner, setter dette i system, integrerer det i verdisynet sitt og lar det bli en del av hverdagen på en måte mange mennesker som ikke er religiøse, ikke opplever.

BØNN FRA DYPET

Samtaletilbudet til Kirkens SOS er livssynsåpent og krever ikke noe bekjennelse verken fra innringer eller de frivillige. Det eneste som kreves er at den frivillige skal kunne be en bønn dersom innringer ber om det.

FAKTA KIRKENS SOS

- Kirkens SOS er Norges største døgnåpnede krisetjeneste på telefon og internett.
- Samtaletjenesten drives av over 1000 frivillige, nærmere 90 av disse er i Rogaland.
- Alle henvendelser til Kirkens SOS er anonyme



Bli ein av oss

Eg gler meg til kvar vakt. Å gjera noko for andre gir livet mitt meinig.

Frivillig i Kirkens SOS

Les mer og søk på: kirkens-sos.no/frivillig

 KIRKEN'S SOS

Les mer på
kirkens-sos.no/frivillig

SUPERMIX

Supermix er eit kor/klubb for barn frå 4 år og oppover. Ei samling innehold korøving med andakt og hobbylagning i kjellaren til slutt. For tida manglar me dirigent. Så lenge det vedvarer, utgår kordelen.

Undheim kyrkje
kl. 17.00-18.00

22. oktober
5. november
19. november
3. desember

OPEN KJELLAR

Klubb for gutar og jenter med aktivitetar, andakt, spel og kiosk.

kl. 19.00 – 21.00
Undheim kyrkje
5. – 7. klasse

18. oktober
8. november
6. desember

LAUST OG FAST

er eit ope arrangement for alle som har anledning til å koma. Innhaldet og arrangementet er retta mot dei som er 60+. Det kjem folk frå heile distriktet vårt.

Me syng i lag, har noko å bite i, hører på ein invitert foredragshaldar og har eit ord for dagen.

Undheim kyrkje
kl. 14:00 - 16:00
16. oktober
20. november
15. januar

UGLA

Frammøte på Undheim skule kl. 19.00.
Slutt ca kl. 20.15.

Guttar frå 5. klasse og oppover er velkomne
Datoane er fastsette, men det kan koma
endringar i programmet.

15. oktober Kosekveld med pizza og konkurransar
29. oktober Tur til Sælandsskogen
12. november Hobbys tresløyd
26. november Avslutning på Lende. Servering

KONSERT

i Undheim kyrkje med
«Nashville Sound»
og «Greensax»
Fredag
25.okt. kl.19.00

Kollekt til:
Mammas House
på Philippinene



VELKOMEN TIL GUDSTENESTE KL. 10.30

I gudstenesta er me samla for å møta Gud
og kvarandre.

13. oktober. Nattverd
27. oktober. Dåp
10. november. Nattverd
24. november. Dåp
8. desember kl. 14:00
24. desember kl. 14:30
26. desember kl. 10:30

SØNDAGSSKULEN

Søndagsskulen begynner kl. 11.00, og held til i Undheim kyrkje. Me oppmodar om at heile familien blir med på gudstenesta som startar kl. 10.30.

13.10., 10.11., 24.11.

KONTAKTINFO:

Prest: Nadine Vaagen	413 91 649
Leiar sokneråd: Hanne Brit Sandmark	996 26 157
Leiar kyrkjestyret: Torvald Tjåland	913 59 619
Musikalsk leiar: Kari Kaald Reiten	908 10 346
Dagleg leiar: Håkon Rettedal Losvik	994 18 620
Ungdomskontakt: Håkon R. Losvik	994 18 620
Leige av kyrkjekjellaren: Torvald Tjåland	913 59 619
Trusopplærer: Ragnhild Hanssen	51 77 03 77
Konfirmantleiar: Ingfrid Time Nærland	401 67 222
Diakon: Praxedes Slettebø	980 28 690



Barnas



Fargelegg!




Slik såg Johannes
for seg den nye
himmel og den
nye jord.

Teikning: Kari Sortland

Vitsar

Prikk til prikk



Teikn ein strek få 1 til 2
og så vidare. Kva skjuler
seg her?

– Kelner!
Fluga i suppa
mobbar meg!
– Ja. Det er ei
ertesuppe.

– Hunden min har
lært seg å snakke!
Det er heilt sant!
– Eg veit det. Bikkja
mi fortalte det
i går.



Gje barnebladet
Barnas til eit barn
du er glad i!

Desse oppgåvene er
henta frå bladet.

Bestill abonnement
på sondagsskolen.no
eller 22 08 71 00

Finn fem feil

Dei to bileta er nesten like. Finn du
dei fem feila i biletet under?



Teikning: Alessandro Coppola og
Salvatore Callerani



Minneord over Torleiv Undheim

f. 15.09.1930 d. 16.07.2024

Tekst: Tor Undheim

Foto: Privat

Torleiv, vår gode far, farfar/morfar, svigerfar, oldefar og onkel sovnet stille inn på morgenkvisten mandag den 16.juli 93 år gammel.

Selv om helsen gradvis ble svekket det siste året han bodde på Bryneheimen, hadde han stort livsmot og gledde seg over alle besøkene han fikk. «Jentene mine» som han kalte dem: Liv Karin, Hanne Lise og Rita besøkte han hver dag det siste året og bidro, sammen med betjeningen, at far fikk den beste omsorg og pleie helt til det siste. Tror nok deres innsats sammen med Lars Bjarne bidro til at vi fikk ha han et ekstra halvår sammen med oss, til gjensidig glede for far og oss søsknen.

Noe av det siste far sa før han døde; «jeg gleder meg til å møte min far og mor i himmelen»

Hans far døde uventet bare 29 år gammel, før Torleiv ble født, så det låg nok en dyp lengsel etter endelig å få se sin jordiske far.

Hans mor, Karoline, ble da tvunget til å selge gården de nettopp hadde overtatt. Flere i bygda hjalp til med å bygge et lite enkelt hus på Fladhauen på Undheim. Karoline med eldste dattera Hjørdis 1år og Torleiv på vei. Ikke den letteste inngang til det jordiske liv. Med mye arbeid og slit klarte allikevel hans mor å skape et åpent og trygt hjem.

Hans søster Hjørdis og far hadde også et nært og godt forhold. Nesten hver sommer dro vi til Tjøme på ferie i en fullpakket bil. Et høydepunkt i vår barndom.

Allerede i tidlig skolealder begynte medelever og kalle han «presten» og som 16 åring begynte han i Undheims mannskor som bestod av voksne menn. Han var flink på skolen og begynte på Bryne Gymnas like etter krigens slutt. Han syklet Undheim – Bryne på grusvei (12km) 5 dager i uken. Utpå høsten i 2.klasse fikk han tiltagende hodesmerter og legen anbefalte han å ta en pause fra skolen. Han begynte da å jobbe på Undheim handelslag og der ble han værende hele sitt yrkesaktive liv.

Det plaget han nok at han ikke fikk fullført gymnaset og utdannet seg videre til enten lærer eller diakon. Han var allikevel stolt over å ha blitt beste elev i friidrett i andre klasse; 7.7 på 60m – 12.3 på 100m og 145 cm i høyde.

Kapellet, nå Kyrkje – handelslaget – hjem/hage ble hans arenaer på Undheim.

Han var aktiv i søndagsskolen, ledet yngres - og ungdoms-arbeid og startet musikklag sammen med mor- de to sang også duett og ble mye brukt i ulike sammenhenger. Musikklaget øvde hjemme i stua vår (20-30undommer) ikke lett for oss barna å få sove. Det var veldig stas de gangene vi fikk komme ned å bli med å synge.

Torleiv fikk være med å forme flere generasjoner med barn og ungdommer med levende tro – bibelkunnskap, ikke minst ved sin gudgitte fortellerevne.

Sagt om far;

«Ingen kunne male Jesus slik som Torleiv»

«Ingen kunne beskrive Himmelen som Torleiv»

I tillegg var han genuint interessert i hver enkelt og ga mye kjærlighet og bekreftelse.

Mange kommenterer;

«Vi opplevde oss sett av far deres»

Vel fortjent at han etter 47år med frivillig arbeid blant barn og unge fikk kongens fortjenestemedalje i 2001

HANDELSLAGET

Den perfekte arenaen for Torleiv. Han var en flink forretningsmann med sans for salg og kundebehandling

Undheim Handelslag var siste kunde på ruta til Gartnerhallen som kom med frukt og grønt. Ofte kjøpte far restlageret for en billig penge og solgte det ut til en god pris til kundene neste dag og med god fortjeneste

Handelslaget var stedet der alle i bygda kom og handlet. Her fikk far en stor kontaktflate og ble kjent med både små og store. Mange nye innflyttere ble sett og ønsket velkommen til bygda av far.

Far og mor var glad i alle mennesker – de var lite dømmende og moraliserende.

Vi hadde et åpent hjem der alle var velkomne; både de som tilsynelatende var vellykkede og de som det ikke hadde gått så bra med. Far hadde en utømmelig kilde av kjærlighet og omsorg som han fikk gi ut på ulike måter. Flere av oss søsknen opplevde, da vi i ungdomsalderen kom sent hjem på kvelden/natta, at det kunne sitte en person midt i stua og sove ut rusen. Men spritflaska var satt igjen utenfor inngangsdøra av respekt for far og mor.

Da meieriet skulle legges ned var det aktuelt å gjøre det om til samfunnshus. Det ble sterke protester fra representanter fra kapellet fordi samfunnshuset kom for nær «gudshuset». Det ble satt i gang en underskriftsaksjon som far absolutt ikke ville delta i – han ville fremme enhet, ikke splittelse i bygda. Dette markerte han på sin måte ved å feire både sin 80- og 90 årsdag både i kyrkja og samfunnshuset.

HJEM/HAGE

Hvis Finn Schjøll er Norges blomsterkonge, må far være blomsterprinsen

Hagen var hans store hobby og lidenskap. Han elsket å grave i jorda, så frø, plante blomster og busker og se det spire og gro. Far likte å ha fargerike bed med en god blanding av blomster og busker

Han brukte det ofte som illustrasjon på at vi mennesker er forskjellige, ulike farger, men sammen blir vi den flotteste bukett.

Han var spesialist på «knoller» (skaugumer) Alle vi barna har nok et antall knoller i våre hager som vi har fått opplæring i hvordan skal behandles.

Signaturen til far var blomsterbedet ut mot veien.

Alle som kjørte forbi, lot seg imponere av det vakre og velholdte bedet. Der låg han på knærne og lukte ugress med bena langt ut i vegen. Det kom gjentatte bekymringsmeldinger fra trafikanter. Etter hvert ble det gul vest og varseltrekant i veikanten.

HEIMEN

Som barn hadde vi en trygg og god heim. Selv om våre foreldre brukte mye tid på kristent arbeid, klarte de å ta vare på oss også.

Det var en rytme og dynamikk i måten vi levde på som familie som gjorde oss delaktige. Vi ble venner med de far og mor omgikk. Far var også veldig flink til å hjelpe oss med lekser – tålmodig og utholdende

Han var flink til å oppmuntre og hadde alltid tro på oss. En gang sa han; «Tor, du kan bli statsminister du» Ikke verst å ta med seg ut i verden.

Det som ble viktig for meg og min tro var at far levde det han forkynnte – samsvar mellom liv og lære.

Han var også veldig interessert i sport, spesielt fotball. Hvilket Premier League lag han egentlig holdt med var vanskelig å avsløre. Det skiftet litt etter hvem han var sammen med. De fleste i familien holder med Liverpool så det ble vel etter hvert hans lag.

Far var glad i Jesus og han hadde hele livet en sterk himmellengsel – Vi vokste opp med sangen av Kjell og Odd; «Jeg ønsker å se Jesus først av alt» Nå har du fått del i den evige hvilen hos Jesus.

Han ville ha med alle til himmelen. Ikke få er de sykebesökene han har hatt rundt om i bygda der han fikk be for folk å lede dem til Jesus på dødsleiet.

Så «Torleiv på handelslaget» ble på mange måter både presten, læreren, diakonen og sjælesørgeren i bygda.

Den lille familien på Fladhaugen vokste også og teller ved fars død 70 personer når vi teller barn, svigerbarn, barnebarn og oldebarn.

Du likte å kalte dem din blomsterbukett. Du såg hver enkelt, du viste interesse, du kjente de og de kjente deg, også de som bodde i Oslo og Tysvær. Selv når du var over 90 år dro du til Haugesund og var med i Ludvig`s konfirmasjon og holdt en varm og god tale. En blomst i buketten er nå borte - vi som er igjen vil så godt vi kan leve ut og følge ditt eksempel. Takk gode far! – Vi vil savne deg! – På gjensyn! Vi lyser fred over Torleiv`s minne



Stor takk til sponsorane våre som gjer bladet mogleg!

		<p>Vil du støtta Møteplassen og kyrkja med ei annonse? Send e-post til: undheim.soknerad@timekyrkja.no</p>
		
<p>Johs. Egeland & Sønner as Transportforretning 4342 Undheim</p>		<p>UNDHEIM HANDELSLAG   undheim@coop.no Tlf. 51779660 Landbruks avd. 51779670</p>
 <p>Bryne, tlf. 480 10 878, man-fre 08-18, lør 09-15 Klikk og hent bondekompaniet.no</p>	 <p>GODKJEND ENTREPRENØR ALT I GRAVING OG TRANSPORT Takodla, 4342 Undheim • Tlf: 51 48 49 11 • Fax: 51 48 40 64 • Mob: 971 59 400</p>	 <p>SjekkPunkt BILVERKSTED Lye Bil AS Tlf. 400 06 447 post@lyebil.no</p>
		 <p>Byggmester Ståle N. Sikveland</p>
		
 <p>Preben Undheim Mobil: 901 74 629 preben@pundheim.no www.pundheim.no</p>	 <p>Møllevegen 12, 4360 Varhaug tlf.: 51 79 85 79 www.ahbygg.no</p>	
 <p>Finn Arve Undheim Maskinentreprenør i tjeneste for jordbruket Mob.: 975 80 952 Tlf.: 51 61 90 10</p>	 <p>En god kontakt på Jæren Tlf. 51 79 11 70 e-post: post@elektrofag.no EL-PROFFEN</p>	 